

Meland kyrkjelyd.

## **Trusopplærer**

80% stilling

**Har du engasjement for at barn og unge skal få leva og veksa i den kristne trua? Vil du leie Meland kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid?**

Meland kyrkjelyd er i Meland kommune, ein halvtimes køyretur nord frå Bergen. Meland er ein tilflyttingskommune med ei ung befolkning. Kommunen har om lag 8000 innbyggjarar, eit godt kulturelt tilbod og gode tilhøve for friluftsliv. Det er to ungdomsskular, fire barneskular og god barnehagedekking i kommunen. Det er gode kollektivsamband til Bergen. Meland kyrkjelyd har ei kyrkje og eitt sokn. Det er trong for og vert arbeidd for ny kyrkje sentralt på Frekhaug. Kyrkjekontoret ligg i kommunesenteret på Frekhaug, der vi også har eit lite lokale kalla Møteplassen. Meland kommune er vedteken samanslått med Lindås og Radøy frå 2020, og det vil også føre til samanslåing av fellestråda og endra organisasjon.

Meland kyrkjelyd er ein spennande kyrkjelyd med stor frivillig aktivitet i mange aldersgrupper. Det er mange engasjert i frivillege tenester knytt til gudstenester, trusopplæring, husgrupper og diakoni. Soknerådet og dei tilsette arbeider med planmessig utvikling av kyrkjelyden og får rettleiing frå NAMU-Norge. Kyrkjelyden sin visjon er "Nær Gud – nær menneske».

Staben er samansett av kyrkjevevje(100%), sokneprest(100%), kyrkjelydsmusikar (100%), kyrkjetenar (50%), diakon med ungdomsfokus (80%), konsulent (80%), barnarbeidar (20%) og prosjektstilling (20%) som husgruppekoordinator.

Soknerådet har vedteke ein trusopplæringsplan. Tida er no inne for å iverksetje fleire av tiltaka. Desse er allereie i gang: dåpsmøte, babysang, 3-årstiltak, 4-årsbok, konsert for 5-åringar, ranselbøn for 1-klassingar, Tårnagent, Lys Vaken. Konfirmantkulla har dei siste åra vore på mellom 60-100 konfirmantar.

## **Arbeidsoppgåver**

- Leie arbeidet med gjennomføring av ein heilskapleg trusopplæringsplan for kyrkjelyden med vekt på 0-18 år. Konfirmantarbeidet vil vere ein stor del av dette.
- Ansvar for undervisningsrelatert arbeid etter nærare avtale og i samsvar med planen. Babysang kvar veke kan bli ein del av arbeidet.
- Rekruttering, utrusting og oppfølging av ulønna medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet.
- Medansvar for (barn/familie- eller undervisningsretta) gudstenester.
- Ta initiativ til å skape gode relasjonar til anna barne-og ungdomsarbeid i soknet
- Kontakt mellom kyrkje og skule/barnehage
- Informasjonsarbeid
- Mogleg ansvar for arbeid knytt til misjon og bønn.

Oppgåvene kan endrast etter avtale med arbeidsgjevar

## **Kvalifikasjonar og anna**

- Kompetanse og erfaring med kristen undervisning og forkynning for barn og unge. (Kyrkjelydspedagog, kateket, prest/teolog eller liknande kompetanse/erfaring)
- Søkar må ha gode samarbeidsevner, evne til å bygge gode relasjonar og trivast med å jobbe i team. Søkar bør samtidig ha evne til å arbeide sjølvstendig, ta initiativ, arbeide strukturert og målretta og tenke heilskap.
- Søkar må like å arbeide med formidling og samarbeid med barn og ungdom og ha evne til å inspirere og motivere andre medarbeidarar.
- Søkaren bør ha lojalitet til kyrkjelyden sine målsetjingar, satsingsområde og teologiske profil.
- Den som vert tilsett må vere medlem av Den norske kyrkja.

## **Vi tilbyr:**

Lønn etter gjeldande tariffavtalar ut frå kvalifikasjonar.

Pensjonsordning i KLP og forsikring etter avtalar.

Eit godt arbeidsfellesskap med engasjerte medarbeidarar mellom tilsette, frivillige og i soknerådet.

## **Anna:**

Politiattest (Barneomsorgsattest) må framleggast ved tilsetjing. Jf Kl §29.

Samlivsform kan bli etterspurt og vektlagt, jfr. Aml. § 13-3.

## **Søknadsfrist:**

6. januar 2017

Meir informasjon: Meland kyrkjekontor tlf 56171480  
ved kyrkjevevje Anne Sofie Nergård Uthaug

Send søknad med CV og referansar til  
Meland kyrkjelyd  
Pb. 117  
5906 Frekhaug  
post@melandkyrkja.no